

## SAMARBEIDSAVTALE

### Industri Energi og Latin-Amerikagruppene

**2015 - 2018**

#### **1. Finansiell støtte**

Industri Energi pliktar å støtte Latin-Amerikagruppene med kr 100 000 per år i perioden 2015 - 2018. Midlane vert overført konto 7874.05.53150 innan utangen av januar kvart år.

#### **2. Bruk av midlane**

Latin-Amerikagruppene vil bruke midlane til å fullfinansiere informasjonsmedarbeidar, skulere solidaritetsbrigdar før utreise og organisere politisk program i Noreg for latinamerikanske gjester.

#### **3. Rapportering**

LAG vil årleg senda årsrapport og ha møter med Industri Energi.

#### **4. Fagleg samarbeid**

Latin-Amerikagruppene i Norge og Industri Energi, heretter omtalt som LAG og forbundet, skal i perioden samarbeide om:

- Rekruttere eit medlem frå forbundet til kvar solidaritetsbrigade LAG sender til Latin-Amerika. Som insentiv til interesserte søkerar skal forbundet dekkje eigenandelen vedkommande må betale for å bli med på brigaden. Brigadisten, forbundet sin internasjonale rådgjevar og prosjektleiar i LAG skal så langt det er mogleg møtast i forkant og etterkant av brigaden. Solidaritetsbrigadistar rekruttert frå forbundet skal skrive eit innlegg til forbundet sin blogg i løpet av opphaldet i Latin-Amerika og halde innlegg for forbundet etter heimkomst.
- LAG skal så langt som mogleg inkludere møter med lokal fagrørsle i det politiske programmet til solidaritetsbrigadane.
- Forbundet skal så langt som mogleg delta med innleiing på førebuingeskursa til brigadane som finn stad i Noreg i januar og august.
- Utveksle relevant informasjon om den politiske situasjonen i Latin-Amerika generelt og forholda for arbeidrarar og organiserte i Bolivia og Colombia spesielt.
- Ved besøk frå fagrørsla i Latin-Amerika til Noreg skal samarbeidspartner bli tilbydt møte.
- Samarbeide om relevante informasjonskampanjar i Noreg

#### **5. Oppseiling av avtalen**

Avtalen kan seiast opp dersom ein av partane ønskjer det.

Leif Sande

Forbundsleiar, Industri Energi

Heidi Lundberg

Dagleg leiar, Latin-Amerikagruppene